



# TRONDHEIM SPORTSFISKERE

Postboks 2952, Sluppen  
7438 Trondheim  
Bankkto: 9235.20.84206

14.01.2008

**Hei alle saman!**

Her er litt informasjon om det komande årsmøtet og andre aktivitetar framover .

## **Årsmøte 2008.**

Årsmøtet 2008 vert **torsdag 7. februar kl 1900** i Kromaten kantine på Gløshaugen. Vi har følgjande sakliste på møtet:

1. Konstituering
  - a. Åpning.
  - b. Valg av møteleiar og referent
  - c. Godkjenning av dagsorden.
2. Årsberetning 2006.
3. Regnskap.
4. Budsjett for 2007.
6. Valg.
7. Innmelding i castingforbundet
8. Eventuelt

Styret fekk på årsmøtet i fjor fullmakt frå årsmøtet til å melde inn Trondheim Sportsfiskere i Norges castingforbund dersom dette ikkje medførte kostnader for foreninga. Styret har no fått klarert at dette ikkje er tilfelle, men ei innmelding fører til at lovene til Norges idrettsforbund vil vere overordna foreninga sine vedtekter. Styret foreslår difor å endre vedtektene sin paragraf 1 der det heiter at "Foreningen er en frittstående sportsfiskeforening" slik at denne reflekterer medlemskapen i Norges idrettsforbund.

Årsmøtepapira med budsjett og valkomiteen si innstilling vert sendt ut sidan. Saker til eventuelt kan meldast inn til underteikna.

Etter årsmøtet vil Vegard Heggem som er sentral i forvaltninga i Orkla gi oss ei oversikt over korleis fellesforvaltninga i Gaula og Orkla ser på reguleringane i fisket neste år. Begge elvene har fleirtalsvedtak og kan difor sette reglane for elvene sjølv. Med alle dei rykta som går om årets fiskereglar trur vi det vil vere nyttig med ei oppdatering på desse.

Til slutt vil Edvard Bergene vise oss lysbilete og fortelje frå fjorårets tur til New Zealand.

Det er fri parkering i området etter 1600. Dørene er i utgangspunktet låste, men vi vil sørge for at folk slepp inn mellom 1845 og 1900. Etter det må de ringe underteikna for å kome inn.

## **Flugebinding**

Flugebindinga er i gang. Neste bindekveld er måndag 21/01 kl 2000. Møt opp ved SINTEF Energiforskning. Måndag 4/2 vil vi arrangere ein nybyrjarkveld i samband med

flugebindinga. Om det er nokon som ynskjer litt hjelp for å kome i gang med flugebinding så kan de møte opp denne kvelden.

## Kastekveldar

Det er framleis nokre kastekveldar igjen i løpet av våren:

27.01.2008	0900	1130	NIDARØHALLEN A
03.02.2008	0900	1245	NIDARØHALLEN A
03.02.2008	0900	1245	NIDARØHALLEN A
29.02.2008	2115	2300	NIDARØHALLEN A
02.03.2008	1950	2030	NIDARØHALLEN A
09.03.2008	1950	2030	NIDARØHALLEN A
14.03.2008	2100	2300	NIDARØHALLEN A
30.03.2008	1955	2030	NIDARØHALLEN A

Årets medlemsgiro følgjer med dette brevet. Betalar de elektronisk så **hugs å merke innbetalinga** med namn slik at de vert registrert, elles har vi ein nesten umogleg jobb med å spore opp kven som betalar. I løpet av året sender vi ut informasjon til så mange som mogleg via epost. Dersom det er nokon som i dag får papirpost og som vil ha epost, eller om det er nokon som har meldt inn epostadressa og som likevel ikkje får epost frå foreininga, ta kontakt med underteikna for å få dette i orden. Det same gjeld for dei som bytter adresse. Det kan vere ein stor jobb å finne ut av meldingar som vert returnerte pga ukjend adresse, så eg håper de kan hjelpe meg med dette.

Minner og om at styret gjerne tar imot tips til aktivitetar og idear til foredrag eller tema for medlemsmøta.

*For styret*

*Knut Alfredsen*

*Mob-tlf. : 93205501*

*E-post. : knut.alfredsen@ntnu.no*